

Mange uskedelingar og kvinnheringar deltar i Kollen-jubelen.

13.03.2016



Anita Lie, Klara Bakke, Jan A. Berntsen, Jofrid Eik, Harald Koløy og Atle Helland er erfarte VM-publikummarar.(Foto: Atle Helland)

Verdsmeisterskapet i skiskyting i Holmenkollen er kome til sin siste dag. Til no har mange kvinnheringar fått mange uforgløymelege opplevingar. Stafettgulla i både dame- og herreklassen to siste dagane har vore dei store høgdepunkta saman med sprintgullet til Tiril Eckhoff tidlegare i veka.



[Vel blåst! Gunnvald Friheim avsluttar med bacalao og bringebærsaft!](#)(Foto: Rosendal musikklag)

Det er mange både frå Uskedalen og Kvinnherad elles som er til stades på VM. Rosendal musikklag B med Gunnvald Friheim i rekjkjene, er på speleoppdrag. Mange supportrar reiste austover i buss torsdag, og i tillegg kjem dei som har reist på andre måtar. Elles kjenner vi til at både studentar og uskedelingar som jobbar i hovudstaden, deltar i jubelen.

Vi har fått rapportert om ellevill jubel og mykje lyd dei siste dagane. Det var vanskeleg å føra ein samtal, og det gjekk hardt ut over stemma. Men så var det også rekordoppmøte av publikum. Stemninga var berre heilt ubeskriveleg. Rosendal musikklag B var med og skapte denne stemninga i området som heiter Kapellskogen. Elles vart absolutt alle rivne med og var med og bidrog til den fantastiske ramma om konkurransane.

No er øvingane siste dagen i gang. Spenninga, stemninga og forventningane er framleis på toppunktet!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland